

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6.

Fylke: Troms.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sørreisa.

Emne: Folkelege musikkinstrument. Bygdelag:

Oppskr. av: Johs. Høihilder.

Gard:

(adresse): Sørreisa.

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Dei instrument som har vore brukt i bygda er

1. Vanleg fele. Den har vore i bruk så lenge folk kan minnast, men elles er det ikkje noke særlig minne om bruken av den.
2. "Akordion" - trekkspill var i bruk kring 1860. åra og frametter. Det var nokk brukt eindel før og.


Musikk var elles mykje godt rekna som "styggedom" ~~xxx~~ kring midten av førre århundre. Dei som hadde noke å segje i bygda var sterkt merkte av av religiøse synsmåtar med oppbyggjelege møter kvar søndag.

Vilde ungdomen moroa seg med dans og leik, så måtte dei gjøyme seg vekk på låvar eller i skogen.

Både i bryllup og elles var det derfor sett skjeivt til dansen og dermed kom ogs musikken i miskredit.

3. Eit og anna salmodikon fanns nokk i bygda i eldre tid, men var truleg lite brukt. Heimelmannen min, Henrik Eriksen, som no er 86. år kan minnest at far hans hadde eit salmodikon, men kan ikkje huske så nøye korleis det såg ut. At det var fleire (mange) strengar med opprita skala eller merke på brettet under strengene minnest han.
4. "Hornmusikk" - blåseinstrument, var det i bygda frå omlag 1900. Etter at den gamle "musikken" var slutt og instrumenta ~~xxx~~ selde, vart så nye instrument kjøpt i 1923.

Sørreisa, den 25. desember 1947.



Johs. Høihilder.